

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 03.07.2017  
Vår ref.: 2017/3630-3  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 17/835 – 17/5187

Att. Andreas Sandnes Granli

## Tilbakemelding etter kulturhistorisk synfaring - bygging av landbruksveg - gnr 87 bnr 2 - Sæbø - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 21.04.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 12.05.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 30.06.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området.

Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Terje Haukeland